

Frå: Amalie Eikeland Vik <aev@ardarealplan.no>
Sendt: torsdag 15. desember 2022 15:42
Til: Ole Martin Bolset
Kopi: Børge Knustad
Emne: SV: Vike Camping - Diskusjonsmøte planinitiativ

Hei!

No er det ei stund sidan vi hadde teams-møte knytt til Vike camping, så ynskjer å gje deg ei lita statusoppdatering.

Vi har diskutert i etterkant av samtalen, og tenkjer også at det kan vere lurt å vurdere ras- og skredfare/geotekniske tilhøve tidleg i prosessen. Difor har vi sendt ut førespurnad om tilbod på slike vurderinger.

Det har tatt litt tid å få respons, men vi forventar å få oversendt eit av tilboda før jul. Vi ventar også på tilbod frå nokon andre, og tidsrammene er dermed ikkje avklart.

Tenkte likevel det kunne vere greitt å gje deg ei oppdatering på status. Du høyrer frå meg igjen når vi har ei meir avklart tidsramme.

Med beste helsing,

Amalie Eikeland Vik

Klima- og miljøplanleggjar

Mobil: 41 76 01 85

Ard arealplan as

Fra: Ole Martin Bolset <ole.martin.bolset@alver.kommune.no>

Sendt: tirsdag 1. november 2022 13:29

Til: Kari Johannessen <kj@ardarealplan.no>; Amalie Eikeland Vik <aev@ardarealplan.no>; Søren Helligsøe <soren@shsonner.no>; Børge Knustad <Borge.Knustad@svv.no>

Emne: Vike Camping - Diskusjonsmøte planinitiativ

Hei!

Viser til diskusjonsmøtet vi hadde i dag:

Vi konkluderte med at tiltakshavar og plankonsulent vil komme tilbake til kommunen med ønska framdrift. Vi diskuterte om det kan vere aktuelt å få ferdig utarbeida Ras-rapport og vurdering av marin grense, FØR ein sett opp eit oppstartsmøte. Vidare kan det vere ein tanke å vurdere krysset til E39.

Under har eg lista opp diskusjonspunkta vi tok opp i møtet

Ras-rapport

Få utarbeida ein RAS-rapport for området FØR ein startar reguleringsplanprosessen? Burde ha eit kostnadsoverslag for kva det vil koste å gjøre området trygt for ras- og skredfare.

Omsynssona dekkar minst 95% av føreslått planområde. KDP-L § 4.1.3. Området ligg òg under mogleg marin grense. I samme arbeidet føreslår eg å få gjennomført ei profesjonell vurdering med omsyn til grunnforhold og stabilitet. KDP-L § 2.9.1.

Regulering i strid med overordna plan – Flytebrygger

Om ein vel å regulere i strid med overordna plan, spesielt på arealformål, vil planprosessen, i større grad, verte uforutsigbar. Dette saman med trygg tilkomst over E39 kan gjere at ein burde vurdere plangrensa, og kva tiltak ein vel å regulere. Om ein verkeleg vil regulere i strid med overordna plan, vil administrasjonen vurdere å avvise planinitiativet, og de har då moglegheit til å krevje dette opp til handsaming i kommunestyret.

Grundigare vurdering av KU-forskrifta § 10

Vurderinga er litt mangefull, ønskje om at § 10 vert grundigare vurdert med tanke på at tiltaket fell under vedlegg II, punkt 12 bokstav d).

Vurdering av vegkryss:

Ein burde gjere ei trafikkanalyse, og vurdering av om noverande kryss inn til området er i tråd med dei statlege håndbøkene.

Revidering av planinitiativ:

Vedlagt ligg planinitiativet, med administrasjonen sine kommentarar. Nokon kommentarar går på kva som må reviderast, og nokon er påpeikingar/notat på kva som kanskje burde tenkast på i det vidare reguleringsplanarbeidet.

Administrasjonen ved Alver kommune venta på ei tilbakemelding på ønska vidare framdrift.

Ole Martin Bolset | Rådgjevar planforvaltning

Telefon: 453 77 397

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no

